



# PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 57. ÅRGANG, 2018



## Du hører til der hønene dine er.



Ei av dei store hendingane i sumar er at eg fekk det eg hadde ynskt meg i bursdagsgåve. Eg fekk høner! Ikkje berre høner, ein hane med og hønehus. Det er noko av det mest morosame eg har gjort på lenge, og det gir glede på så mange forskjellige plan.

I dag la den fyste kyllingen egg; på størrelse med eit trosteegg. Eg har fått kyllingar og høner i gåve frå gamle vener frå Vang og dei tilsette på Tingvang, eg har hatt hjelp av Eirik Meisdalshagen Haugene og ei mengde slektningar til å bygge hønehuset. Eg fekk ein grunn til å invitere til ny «postkassekaffe» for å varsle om nytt liv i prestegarden.

Dei har skapt så mykje godt for meg desse hønene, ikkje minst at eg kjenner at eg hører enno litt meir til i alle dei samanhengane eg har delt hønegleder med andre. Og dessutan: Enno ein gevinst: Eg har heilt trivielle høneproblem å bry hjernen med når han er i «bekymringsmodus» klokka tre om natta.

Ei av dei store hendingane i haust er at biskop Solveig Fiske kjem på visitas til Øystre Slidre 23. – 28. oktober. Det gjev og glede på mange vis, og har same effekten av å styrke at vi hører til kvarandre. Det gjev rom for samarbeid om forskjellige oppgåver, og å møtast i så mange samanhengar. Vi ynskjer henne velkommen til Øystre Slidre, og alle sambygdingar velkomne på alle arrangement i sokna våre. Dette blir flott, moro og stas! Eit høve til å sjå kvarandre og kjenne at vi hører til der biskopen kjem og naboane våre er.

Programmet er diverre ikkje så spikra at vi kan offentleggjere meir enn visitasgudstenesta her, men følg med i avisa eller postkassa for program når det nærmar seg.

- Eli -



## Brev fra en Valdres-venn

TEKST OG FOTO: TERJE REFSNES

«Husk å være en prest **for livet**» sa kona på Presthegde da jeg skulle slutte som organist i Valdres og bli sykehusprest for 32 år siden.

Det ble en av mine leveregler den gang og siden, både som sykehusprest i Moss og Oslo og i arbeid som sanger og lektor.

Det har vært et interessant liv - svært mye i arbeid blant ungdom i videregående skole; en muslim sa til meg: ja, Terje jeg vet hva du vil: at jeg skal tro på Bibelen. Hans vei var annerledes, men han og særlig de aktive snart voksne guttene i klassen sang gjerne Frans av Assisis solsang: «Halleluja, halleluja, takk for alle dine under!» - ofte syngende på vei ut av klasserommet. **Underet** er som kjent, fremfor noe, **våre** liv. Det er tydelig uttrykt i et dikt:

**:/Du er Gud over år og tider, /:mine dagar er korn i di hand. /: Må dei fangast av evige vind-drag /: og slå rot i ditt åkerland. (Alfred Hauge)**

Guds-troen i Hauges dikt har en trygg forankring med en tydelig overgivelse til alle gode gavers giver. Slik kan jeg også stå og undre meg rundt 'svenskehytta', vår hytte - Per og Ragnhild Onstads gamle sæl som ble flyttet fra nørre Trollåsen og ned på dalsida - på en furumo ovenfor Moane - for snart førti år siden.

I samme retning, skriver Svein Ellingsen:

**:/Du gode Hellig Ånd fornyer alt. /: Til liv i gledens fylde er vi kalt /: Du vil ta bolig i oss og det skjer /: at troens øyne åpnes og vi ser /: Guds rikes frembrudd som et veldig tre, /: dets grener bærer oss og vi kan be /: La sevjen stige og la treet gro! /: /: Gi du oss del i sennepskornets tro! /: Til Kristus blir vi knyttet fast ved deg /:, hans ja består når vi er fylt av nei /:**

Et par eksempler fra livet mitt kan være:

Nylig ansatt i Den norske Operas kor, gikk jeg en gang frimodig tvers over scenen (ulovlig!) under en prøve. Regissør Stein Winge ble forstyrret, pekte på meg og ropte: «**du er en synder!**» En av de andre på scenen sa: «Han er prest». Winge pekte igjen og sa: «**du er en tilgitt synder**». Takk og pris for en attest som var sann. Det ble en opptakt til dyperegående prat bl.a. om Jesu liv og kristentroens betydning i forskjellig type litteratur, og i Operaen.



En gang opplevde jeg - som mente jeg var prest for livet - å bli direkte 'kuppet' av fire elever i en klasse. Vi (klassen og jeg) hadde faktisk avtalt å **bruke Markus-evangelium** som kristendoms-pensum. Etter syv-åtte kapitler med bra gjennomgang av tekster, viste dette seg å være **nærgående** for noen og jeg ble brått nedstemt. Ubehagelig sant å si, i en kamp for Mesterens ord og Bøkenes bok. Guds evige vinddrag (!) berget med den gangen fra å gå 'fra konseptene', eller fra timen. Og i samme klasse var det en 'komponist-spire' som laget en (ny) tone til 'Vidunderligst av alt på jord' på min oppfordring. Jeg kopierte den og vi sang:

**:/La høres kun det rop som går /: at riket er lagt øde. /: Gud kroner like fullt sitt år /: med fruk-barhet og grøde /:**

I skrivende stund er jeg svært takknemlig for denne muligheten, og for all velvilje og vennlighet jeg har møtt hos dere 'valdriser', mennesker med ærlighet om troens og kirkens betydning - (men jeg er ofte overrasket over gjennomsnittlig gudstjenestebesøk; men: stølsmessene samler mange (!)- uansett vær og vind.)

Jeg gleder meg alltid over å komme til Øystre Slidre. Nå får jeg lov til å gi kjente og ukjente lesere av Kyrkjebladet gode ønsker om en velsignet høst!



## DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang  
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

E-POST:  
post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID:

Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar:	ANNE NORA ALUND	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjetenar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre  
Utjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:

Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og  
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.

LAY-OUT: designsaskia.no

TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS

KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE

NUMMER: 30. OKTOBER 2018

Forsidebilde: Kjølastølen Foto: Gunvor Hegge

LIDAR KYRKJE

Klokkar: Anne Britt Skåthun Sørnum  
Kyrkjetenar: Harald Melby  
Reinhaldar: Harald Melby  
Soknerådsleiar: **Mette Mari Lein**  
996 90 632

HEGGE KYRKJE

Klokkar: Ellen Oddveig Rudi  
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug  
Reinhaldar: Synnøve Rødningen  
Soknerådsleiar: **Gunvor Hegge**  
907 40 702

VOLBU KYRKJE

Klokkar: Ingrid Meyrick  
Kyrkjetenar: Svein Hegge  
Reinhaldar: Svein Hegge  
Soknerådsleiar: **Einar Eriksen**  
907 59 702

ROGNE KYRKJE

Klokkar: Ellen Oddveig Rudi  
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne  
Reinhaldar: Svein Erik Rogne  
Soknerådsleiar: **Berit K. Myrvang**  
970 02 721

## med blide konfirmanter i duskregn.



**D**et er blitt ein tradisjon. Ein opplagt gjeng konfirmanter, mange foreldre, fadrar og andre vaksne ga seg i veg på tur frå Volbu kyrkje til Hegge kyrkje søndag 9. september. Vandringa i seg sjølv har gudstenesta som tema, og gjennom forskjellige oppgåver og opplevingar langs ruta, får konfirmantane forklaringar og hugseknaggar for dei forskjellige delane av gudstenesta. Ei av oppgåvene var å ta vare på kvarandre i gruppene og å spørje presten om forskjellige ting. Og presten får høve til å spørje sine turkameratar om noko. Eg hadde to ting eg lurte på: *Den eine er korleis dei meiner ein god ven er, og det andre er kva som er bra med kyrkjeleg konfirmasjon.*



«Ein god gjeng hyggelege, tøffe, snille, sporty, kule og søte konfirmanter samlar seg ved Volbu kyrkje for å ta fatt på turen til Hegge kyrkje.»

Langs ei brusande Vinda kjem dei opp til meg og spør kvifor eg vart prest og korleis eg førebur ei preike, kor gamal eg er, kva som er best med å vera prest, og om eg trur på alt i bibelen. Eg får høve til å fortelje kor flott eg syntest det såg ut å være prest slik eg opplevde at mannen min var det, og korleis eg i slutten av trettiåra fann ut at eg ville bli prest. Eg får dele kor fint det er å møte menneske og å få vera til stades i dei store hendingane i livet deira: Dei glederike, men og i det varme rommet som gjerne er der dei samlast etter å ha mist nokon kjær. Det er heller ikkje så ofte nokon lurer på korleis eg førebur ei preike, og at eg får fortalt kor komplisert og moro det kan vera å få ei tekst i hendene og så forsøke å få noko fornuftig ut av henne.

- Eller kva eg tenker om mottakarane, og å få gode tips på korleis det er lurt å tale til folk. Det gjer godt å kjenne at folk er interessert i kva eg driv med og korleis det er å vera prest. Det er godt å bli lytta til.

Det er godt å bli lytta til: Det er ikkje eg den einaste som kjenner på. Når gruppene skal fortelje meg kva for eigenskap ein god ven har så kjem «å vera god til å lytte» som det fyrste. Å vera der for ein, vera omsorgsfull, snill, gje tid til å prate, forstå, inkludere, vise respekt, ha humor, kjem og høgt opp på lista. Til eit godt venskap høyrer at ein brukar tid på kvarandre, finn på ting i lag. Det er viktig at ein kan stole på ein god ven, og at det ein treng å få sagt til ein ven vert sagt direkte til han eller henne og ikkje om han eller henne.



«Kva er likskapen mellom ein skihoppar og Jesus?»



«Lavvoen, minneplassen for Jesu siste måltid: nattverden»

Dei veit mykje om godt venskap desse unge menneska eg skal vera saman med i året som kjem. Dei treng ikkje mykje meir teori tenker eg, men den treninga og praksisen vi treng på dette heile livet igjennom vonar eg og at konfirmasjonstida vil vere.

Og kva er så bra med kyrkjeleg konfirmasjon? «Tradisjon»; eg trur det var det som fyst kom opp. «Det viser kor du høyrer til.» «Få meir innblikk i den religionen du høyrer til i.» «Vera saman, vera med kvarandre». Eg får stadfesta det eg lenge har tenkt om folkekyrkja på bygdene. Ho står sterkt som den fellesskapsbyggande og verdiformidlande tradisjon og institusjon vi har forma landet vårt i tråd med. Kyrkja har hatt og har framleis ei stor oppgåve i det å formidle dei berande verdiane i landet vårt.



«Klokkeklang og kuraut ynskjer oss velkomne til Hegge kyrkje.»

Det kjem fleire svar: «Kjenne ei trygg forankring i noko», «bli meir bevisst på det mellommenneskelege», og dei kritiske spørsmåla; «kan eg tru på alt som står i bibelen.» Svar som dreier seg om innhaldet, om dei verdiane kyrkja har bore fram gjennom historia, forteljingane som kan gje gjenkjenning og håp! Forståing for kva slags bok bibelen er. Kyrkjeleg konfirmasjon handlar og om eit innhald. Det er fint! Å skulle svare på forventningar om å få del i ei ramme, ein tradisjon og i eit verdimesig og trusmessig innhald er spanande. Svarer eg godt, burde det bli både stødige og levande kristne menneske som står til konfirmasjon til våren. Takk for første etappe i den vandringa vi skal ha i lag dette året.



## MIN SALME



### KJÆRLIGHET FRA GUD

Det er mange fine salmar, ei eg kjenner godt er "Kjærlighet fra Gud" nr. 651.

Det er ei kjent salme skriven av den danske presten Jens Nicolai Ludvig Schjørring i 1854.

Salmen har ein fin melodi, og brukast både ved glede og sorg. Det er ei av våre mest brukte bryllaupsalmar, men blir også brukt i andre samanhengar. Det er ei salme mange kan, vi song den på barneskulen.

Frå barndommen hugsar eg vi var med mama og mine bestemødre på møte i bygdas "kvinnelag", der song dei ofte "Kjærlighet fra Gud".

– Oddveig Holdal Weeg

Tekst: Jens Nicolai Ludvig Schjørring 1836–1902  
Musikk: H.S.Thompson, ca. 1840

1. Kjærlighet fra Gud springer like ut som en kilde klar og ren. I dens stille bunn, i dens dype grunn gjemmes livets edelsten.

2. Kjærlighet fra Gud som en yndig brud kommer smykket til oss ned. Lukk kun opp din favn, kom i Jesu navn, himlen bringer den jo med.

3. Kjærlighet fra Gud er det store bud, er det eneste jeg vet. Bli i kjærlighet, og du har Guds fred, for Gud selv er kjærlighet.

# Stølsmesser

## – Kjøllastølen | 8. juli Hegge sokn

### «Gå til fjellet og bli klok»

Dei siste åra har stølsmessene i Hegge sokn vore kombinert med ei vandring før gudstenesta. Så også i år. Vandringane har vore knytt til ulike tema, som planter, fuglar, fjellet med fokus på geologien og nytteverdien det har gjennom støling, i tillegg til vandringa i fotspora til altartavla i Hegge i jubileumsåret.



Denne gongen var det dragingen mot fjellet som var tema. Tor Harald Skogheim kjenner fjella her ut og inn og tok oss med på ei runde frå Kjølabu der han fortalte om stigane i området og den spede starten på fjellturismen og DNT. Alt dette krydra med gode dikt av Theodor Caspari, Aasmund Olavsson Vinje og Rolf Jacobsen som understreka gleden ved å vera i fjellet.

Rundt hundre personar hadde møtt fram til gudstenesta som var flott tilrettelagt av oppsittarane på Kjøllastølen. Også preika til soknepresten etterpå hadde fokus på fjellet; det bestandige – det uforanderlige – noko som er større enn oss sjølve. At Moses fekk tavlene med boda på Sinai-fjellet og mennene på Eidsvoll lova å vera «enig og tro til Dovre faller» er også symbol på dette. Vesle Emil vart døypt denne dagen, mellom fjell og vidder i vakert sommarver.

Stunda vart tradisjonen tru avslutta med kyrkjekaffe. Hjarteleg takk til Barbo og Ole Martin Alfstad som organiserte messa for oss, og takk til alle som deltok med kaffi og kaker!

- GH

## – Urek | 15. juli Lidar sokn

Det var i storslagne omgjevnader med Urek-køllen i front og Vinstervatnet som bakteppe at klokkar Harald Melby under ei varmande julisol ringte inn til stølsmesse på stølen til Signe Ekerbakke og Sjur Aarebru nær Haugseter Fjellstue. Mellom dei 70 framømte var det mange kjende og trufaste stølsmes-sedeltakarar, både tilreisande turistar, hyttefolk og bygdefolk.



Vertinna Signe, som også hadde fødselsdag denne dagen, og som dessutan nyleg har innvia det nye selet sitt – ynskte oss velkommen, og fortalde om stølslaget Urek og dei opp-havelege 4 stølane her. I dag er det rett nok berre Signe og mannen som har stølen i bruk med husdyr her, men stølslaget ber preg av at her er det folk som er glade i staden, held plassen ved like og verdset livet i fjellet for så vel unge som eldre.

Som preludium fekk vi høyre Thomas Vatn Weissner spele "No ser eg atter slike fjell og dalar" på munnspel – ei stemningsfull og vakker innleiing til messa, som så opna med den passande salmen "I den fagre sumarstid" – salmesongen no akkompagnert av Thomas på trekkspel.

I den innleiande tekstlesinga las sokneprest Eli Vatn frå 2. Mosebok kap.36 – Då Moses beordra bygging av tempel- før kyrkjelyden song "Fagert er landet".

2. tekstlesing – frå Paulus sitt formanande brev til kyrkjelyden i Korint- vart så følgt av salmen "Herre Gud ditt dyre namn og ære". I dagens preike tok Eli Vatn utgangspunkt i Markus 12. kapittel – Det heilage evangeliet og forteljinga om tempelbyggarane- som handlar om rettferdig fordeling, nøkternheit og samhald. Om å sikre enkeltmennesket i ly av fellesskapet. Liknande lover er skapt

til alle tider. Lover som sikrar at vi fordeler godene på rettferdig vis. Presten peika så på det andre perspektivet i dette- vår personlege karakter/dyd og vår evne til godheit. Ho fekk oss til å reflektere over kva slags menneske vi ynskjer å vera, og kva for mål vi har for livet vårt.

Ho samanlikna dette med å setja seg treningsmål. For evna til godheit har vi nedlagt i oss- som ein annan muskel- som kan trenast. Presten samanlikna dette med å gå Fjellstafetten: Nokre kanskje motvillig i starten, men etter kvart som ein har kjent meistring fleire gonger, kjem den gode kjensla ved å gjera dette. Kvart steg vert då godt og meningsfylt i seg sjølv. "Vår Gud du skapar..." var siste salme før velsigning og sending, før Thomas så avslutta med nok eit stemningsfullt stykke som postludium.

Etter messa inviterte stølslaget i samarbeid med Lidar Sokne-råd til kaffestund på stølsvollen. Her vart det servert mykje god heimebakst til kaffien, takka vera alle oppsittarane i stølslaget og fleire til. Det vart ei fin stund, der praten gjekk lett i den varme juliettermiddagen. Takk til stølslaget Urek og ikkje minst- stølseigarane Signe og Sjur- som opna stølen sin for oss!

- AEB

## – Etnestølen | 22. juli Volbu Sokn

Kolbjørn og Knut Jørstad tok imot på stølen sin, Audny Jørstad, svigerinne og tante var vertinne for dagen.



«Skaperens stemme høres en morgen, dagslyset flommer, fyller Hans jord. Skaperens kraft blir synlig for alle, mennesket jubler, gleden er stor.» Slik innleia vi messa denne sundagen som lik dei fleste dagane i sommar, starta i strålende sol. Denne sommaren har vore som ein draum- i alle fall for oss som berre har feriert.

Etterkvart fekk all sola og varmen ein bismak når vi såg på gulbrune enger og visnande lauv.

Men på stølsmessa på Etnestølen var sola og varmen meir enn velkomen. Kolbjørn Jørstad, eldste generasjon på garden ynskte velkomen med å fortelja om stølslaget der han hadde halde til sidan han var ein neve stor. Han hadde også eit spesielt minne frå krigen då det kom tyskerar heilt opp til dei på stølen og arresterte alle som ikkje hadde papira sine i orden. Han var berre ti år gamal og det var ikkje fritt for anna det gikk eit kaldt gufs gjennom forsamlinga ved tanken på at småguten vart ståande der medan framande karar reiste med mor hans. Det fekk heldigvis

ein lykkeleg slutt, men slikt gløymer ein aldri.

Dette mørke bakteppe gjorde dagen ekstra dyrebar for oss som sat der, og det gjorde gleden ekstra stor over vesle Ingebjørg Rogne som vart boren til dåpen og det festklede dåpsfylgjet. Prosten hadde med seg gitaren og hadde vald ut salmar som var med å understreka evangelieteksten frå Johannesevangeliet om kvinna som fekk denne meldinga frå Jesus: »Heller ikkje eg for-dømmer deg!» Vi var fleire som snakka om at dette hadde vore ei spesielt god stund som vart avrunda med kaffi, masse gode kaker og gode samtaler rundt om på stølsvollen etterpå.

Ein spesiell til Audny for organisering av det praktiske!

- Ingrid M

## – Juviken | 5. august Rogne Sokn

Sjølv om det var litt kald vind, var det sol og flott natur som laga ei fin ramme rundt stølsmessa på Juvike og vi var omlag 60 som tok turen til fjells denne dagen.



Vi vart godt mottekne av Tove Grethe Kolstad og Norodd Furulund som var vertskap denne gongen. Svein Hegge hadde take med seg neverluren og opna gudstenesta med ein flott lurlokk rett imot den trauste Rundemellen før presten og dåpsfylgjet kom gåande i prosjon fram mot eit fint altar sett opp for høvet. Og var det ikkje ein brudemarsj Magne Olav spelte?

Tove Grethe ynskte oss velkomne, og fortalte litt om stølslivet på Juvike og drifta no i dag.

Vi fekk ei innleiing ved presten Henrik Berggrav, ein av hytte-folket i området. Han hadde take prestekjolen med seg til fjells og var medliturg denne dagen.

Etter innleiinga tok sokneprest Eli Vatn over og losa oss trygt igjennom resten av messa, som opna med dåp av Brage Gerhard Heggemo. Og til stor overrasking for dei fleste- familien irekna - kom foreldra til dåpsbarnet, Agnethe Lovise Mo og Otto Myrvold Heggemo fram for altaret saman med forloverar og det vart bryllaup! Under gudstenestene fekk vi òg høyre munnharpespel av Magne Olav Selland.

Etter messa vart det tid til hyggelige samvær, med god traktering, med både kaker, kaffi, kvikaker og rømme, som høyrer stølslivet til. Tusen takk til vertskapet og alle framømte.

- Svein / Ingrid

# Tomme kyrkjer? Å nei du!

TEKST: ELI VATN FOTO: SASKIA ALEIDA VAN VEEN

Det var ein STOR søndag i Rogne kyrkje 19. august i år. Bunadskledde folk både i høve Sigurd sin dåp, gullkonfirmantar som møttes 50 år etter at dei våren 1968 vart konfirmert i Rogne.

Og om ikkje det var nok; Ellen Oddveig Rudi vart sett inn som klokkar i Rogne, og Solveig Vatn Weisser vart sendt ut frå kyrkjelyden til eit dialogarbeid i Kina med Areopagos. Som eit knutepunkt av hendingar der alle minte om den tenesta vi er sett til i kyrkja. Og som til saman så høveleg minte om at den tenesta er vi sett til og ynskt i heilt ubetinga, men og utfordra til å ta som myndige menneske med ansvar for våre handlingar.

Det var fint å sjå alle bunadskledde gullkonfirmantar og tenke på alt dei i desse åra hadde gjort av godt i verda.

Det er ikkje alltid vi tenker på den rekneskapen vi menneske. Diverre har vi lett for å rekne mest på det vi ikkje fekk til.....

Og det var ein festdag! Soknerådet i Rogne og Volbu hadde verkeleg dekt til fest og det vart servert gryterett og blautkake.

Magne Olav slo an tonen på hardingfela og stemninga vart deretter. Det må og har vore eit særst godt kull tenkte eg då vi hadde ei lita presentasjons og mimre runde. Ordvekslinga og latteren sat laust og gjekk kjapt over bordet.

Det ryktast og at dei held det gåande lenge etter at presten hadde gått heim. Takk til alle, og for presten er det moro når ein kyrkjesundag er sentrum for så mange gode hendingar og at vi samlast slik til fest!



Ellen Oddveig Rudi innsett som ny klokkar i Rogne kyrkje. Lars Kristian Skattebu fra soknerådet las innsettelsesbrevet frå biskop Solveig Fiske.



Skriftlesning lese av Solveig Vatn Weisser.



FYRSTE REKKE FRÅ VENSTRE: Aud Eva Bergo, Aud Marie Engen, Inga Olsen, Synnøve Rødningen, Marit Skattebu, Eli Vatn. ANDRE REKKE FRÅ VENSTRE: Marit Steinsrud, Bjørg Helle, Astrid Bakkene, Tordis Rogne, Gerd Rogne. TREDJE REKKE FRÅ VENSTRE: Torstein Nordstad, Arvid Hovi, Per Gunnar Veltun, Jan Harald Jensen. FJERDE REKKE FRÅ VENSTRE: Ove Trandokken, Jan Melby, Nils Presthegge, Kristen Johan Wårum.

Magne Olav Selland

# Kyrkjemusikaren vår på studium i Oslo.

## Kvifor hadde du lyst til å ta kurset?

- Dette er noko eg har tenkt på lenge at eg har hatt lyst til å gjere. Eg har jo arbeida som kyrkjemusikar i mange år utan formell kompetanse og i stor grad som sjølvlerd på orgel. Det å formalisere kompetansen som eg faktisk hadde, har nok vore ein viktig grunn, men fyrst og fremst det å komme meg vidare frå der eg var, å utvikle kunnskap og ferdigheiter med tanke på å kunne utføre jobben min på ein best mulig måte vidare framover. Så eg er svært takksam for støtta frå fellesrådet og kyrkjekontor som gjorde det mulig å gjennomføre dette.

## Kva var innhaldet i studiet? Kva fag?

- Studiet eg gjekk på er under Norges Musikkhøgskole i Oslo, og er eit årstudium i kyrkjemusikk. Eg tok det over to år, og var i Oslo ein dag i veka for undervisning. Det fyrste året hadde eg eit fag som heitte «Liturgikk og hymnologi.» Dette tek for seg salmediktning og liturgi i eit historisk perspektiv. Elles hadde eg bruksklaver, og orgelkunnskap. Det andre året hadde eg musikkteori, høyrrelære, og liturgisk

spel, som er eit praktisk fag rundt orgelspeling til gudstjenester, der fokuset er speling til salmar og liturgiske ledd. Ellers hadde eg begge åra orgelspel, som besto av individuelle orgeltimar. Korleis har dagane vore? Tidleg opp og seint heim? - Ja, særleg det fyrste året, då var eg nøyd til å reise frå Skammestein 4.45 for å ta fyrste busen inn til Oslo for å rekke

På kva slag måte synest du studiet har gjort noe med deg som musikal? - Eg meiner fyrst og fremst det har gitt meg ulike verktøy og nye innfallsvinklar som gjer at det blir lettare å setje fingeren på kva som er problemet når eg kjem borti ting eg syns er vanskeleg å få til, som har mykje med teknikk å gjere, men også ein del med å vere meir medviten om «kva som

Er det noko av det du har lært på studiet som har overraska deg? Har du på nokon måte fått eit nytt syn på det å vere kyrkjemusikal?

- Eg har vel ikkje fått store aha-opplevingar eller overraskingar av dei tinga eg har lært i den forstand, men noko som har overraska meg, er kanskje at det ofte er det å fokusere på dei enkle og grunnleggande tinga det som får ein forbi vanskar. Øve sakte! Og når det gjeld synet på å vere kyrkjemusikal, vil eg seie at det kanskje ikkje forandra seg, men at eg har fått endå meir innblikk i og respekt for den store kulturarven me har i kyrkjemusikken.

## Kva ved studiet har du hatt mest glede av?

- Det er vanskeleg å velja, men eg må nevne to ting; musikkteori både når det gjeld det å komme i gang med å lære å skrive ein firstemmig sats, men også for det verktøyet det gir til å begripe ting i musikken, som gjer at ein får meir ut av å spele den. Og sist men ikkje minst orgeltimane, fordi dei har gjort meg i stand til å komme vidare med orgelspelinga, og gjer at eg føler eg har større overskot i jobben på organistkrakken!

- Anne Nora Alund



Deltakarane på kurset. Magne Olav finn du på andre rekke ytst til høgre.

undervisninga, men eg har heldigvis utvikla ei god evne til å sove under reisa! Undervisningsdagane har vore ganske intense, ofte med ganske mykje å forberede på førehand, men slik er det vel å studere!

hender» i den musikken ein jobber med til ei kvar tid, enn eg var før. Og ikkje minst at eg har blitt meir medviten på korleis eg lyttar på det eg spelar, noko som kan vere utfordrande med fleirstemmig musikk.

## «HEILT FYRSTEKLASSES GUDSTENESTE»

Sundag 26. august møtte 5 flotte fyrsteklassingar opp i Lidar og 8 flotte fyrsteklassingar opp i Volbu til «Heilt fyrsteklasses gudsteneste», der dei fekk «Mi kyrkjebok -6». Under gudstenesta fekk dei høyre forteljinga om Bartimeus, dei fekk gå i prosesjon, delta på bønnevandring i kyrkjerommet og stå framme ved alteret medan kyrkjevorten tende lys for kvar og ein. Å starte i fyrste klasse er eit stort steg i livet, og vi i kyrkja ynskjer kvar og ein av fyrsteklassingane lukke til med skuleåra framover!



6-åringar i Volbu/Rogne Foto: Svein Harald Hegge.

## TAKK FOR INNSATSEN MARI!

På aposteldagen takka kyrkjelyden i Rogne sokn Mari Myrvold av som klokkar.

Det har vore fint å ha henne som medarbeidar her i Rogne kyrke.

Ho har gitt ei vakker og venleg tone inn i gudstenesta.

Eg hugsar da Mari vart innsett, da handla tekstene om Maria, om det oppdrag ho fekk omtrent like gamal som Mari var da. Det var ei morosam parallell, både Mari og Maria var unge, og utan å undervurdere Mari, var det fint å kunne tenke at begge tok på seg eit oppdrag, eit kall som dei sjølve ikkje kunne sjå rekkevidda av.

Det dei bar fram; enten det var barnet Jesus, eller orda Mari leste som klokkar så er dei større og meir underfulle enn kva ein heilt kan gripe.

Det har vore fint at Mari var ung, vi treng det i kyrkja, både energien, livet og det lyseblå, opne blikket ho ved det har representert.



Vi ynskjer Mari lykke til vidare, vi håper ho kan komme tilbake som vikar ein og anna gongen. Vi kjem til å sakne deg i det daglege Mari.

- Eli

## OM JUSTERING AV FESTETID OG REVIDERING AV GRAVPLASSVEDTEKTER.

Hamar bispedømmeråd viser til brev av 21. mars 2018 om justering av festetid og revidering av kyrkjegardsvedtekter, vedteke i kyrkjeleg fellesråd i Øystre Slidre 20. mars 2018 i sak 07/18.

Revideringa er knytte til endring av festetida til 5 år frå 1. januar 2019 og ei mindre revidering av gravplassvedtekta elles.

I medhald av gravferdslova § 21, 1. ledd og delegert mynd til stiftsdirektøren, jamfør Hamar bispedømmeråd sitt delegeringsreglement av 14.12.2010, pkt. 3.2, vert med dette dei reviderte kyrkjegardsvedtekta i Øystre Slidre godkjende.

Vi ber om at fellesrådet ser til at vedtekta vert gjort tilgjengelege for publikum.

*Freddy Knutsen e.f. stiftsdirektør  
Jon Arne Johansen Harby økonomisjef*

## LYSVAKEN 6.KLASSELEVAR FÅR EIGE INNKALLING

Rogne og Volbu: 25.11 i Rogne kyrkje  
Hegge og Lidar: 02.12 i Hegge kyrkje

## KJÆRE SMÅ OG STORE LESARAR AV PÅ KYRKJEVEG!

Kyrkjebladet i Øystre Slidre vert sendt ut til alle husstandar i kommunen, samt andre interesserte rundt omkring i landet.

Om de er ein av dei som er takknemleg for å få bladet, kan du gje ei gåve til dekning av utgiftene. I år vil det ikkje ligge med giro i bladet.

**Gåva til bladet er sett til kr. 200,- pr. år og dei som bur utanbygds kr. 250,- pr. år.**

**KONTONR . 2135 25 01678**

**Ein kan òg betale med vipps til nummer 105751.**

Har de stoff de vil ha inn i bladet er redaksjonen takknemleg for det.

Vi seier tusen takk for alle bidrag.

Med helsing Redaksjon.



## BISPEVISITAS 23. – 28.

OKTOBER

FØLG MED, FØLG MED.

Mykje spanande skjer i samband med biskop Solveig Fiske sin visitas i Øystre Slidre.

Nærare oversikt over programmet kjem i ei postkasse nær deg. Som ein flyar og/ eller som annonse og omtale i avisa.

Hjarteleg velkomen!



## KYRKJELEGE HANDLINGAR

MAI – SEPTEMBER 2018

### VIGSEL

#### ROGNE KYRKJE

Therese Tvenge og Odd Joar Skogstad  
Tonje Bjelbøle og Hans Erik Gullord  
Nikoline Sindsen og Stian Hesjadalen  
Stine Merete Stavenjord og Espen Skjærvik Rogne

#### ROGNE SOKN, JUVIKE

Agnethe Mo og Otto Myrvold Heggemo

#### VOLBU KYRKJE

Ann Kristin Wangen og Arild Bø  
Torild Aavok Rogne og Jan Gundersrud

#### LYSKAPELLET

Martha Irene Østenstad og Rune Østenstad  
Torunn Gudheim og Mona Bekkelund  
Hege Lundsten og Thor Erik Støvland  
Rita Johnsen og Jan Erik Alm

### DØDE

#### ROGNE KYRKJE

Inga Haugen Listrud  
Turid Henriette Rogne  
Marit Fystro  
Jørgen Røe

#### VOLBU KYRKJE

Kjell Birger Berg  
Anne Bjørg Granli  
Kjell Elvebakken  
Karen Gunhild Berg

#### HEGGE KYRKJE

Gunvor Dalen  
Gunnar Trygve Vestheim  
Marit Alfstad  
Nils August Dalen  
Torvall Georg Bakkene  
Signe Bolstad

#### LIDAR KYRKJE

Sigrd Arnesdotter Hedalen  
Ingebjørg Skrebergene  
Ida Eide

### DØYPTE

#### ROGNE KYRKJE

Sigurd Kjærstad

#### ROGNE SOKN, JUVIKE

Brage Gerhard Heggemo

#### VOLBU SOKN,

ETNESTØLEN  
Ingebjørg Rogne

#### HEGGE SOKN,

ØYSTRE KJØLASTØLEN  
Emil Emmerhoff

#### LYSKAPELLET

Izabelle Milla Gintalaite  
Daniel Leon Gintalas  
Nikolai Bjorskau

# VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar



**HELGEMESSE DEN 4. NOVEMBER** er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnst dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss dei siste året.

Vi les opp namna og tenner ljøs, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden.

Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sagn, sundagen er også til minne om «dei heilage» - helgenane. Difor er sundagens farge den kvite festfargen og ikkje den fiolette sørge fargen.

Det er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar.

Sjølv om dei pårørande til dei som er gått bort får særskild invitasjon i posten er messa for alle.

Messa er for heile Øystre Slidre i Hegge kyrkje 4.november kl.19.30.

## Oktober

**14 10 2018**

**Volbu kyrkje kl. 11.00**  
Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn.  
Konfirmasjonspresentasjon

**21 10 2018**

**Rogne kyrkje kl. 11.00.**  
Høgmesse v/prost Carl Philip Weisser.  
Takkoffer Kyrkjebladet

**28 10 2018**

**Lidar kyrkje kl. 11.00.**  
Visitasgudsteneste v/ biskop Solveig Fiske og sokneprest Eli Vatn.  
Konfirmasjonspresentasjon.  
Takkoffer Kyrkjebladet.

## November

**04 11 2018**

**Lyskapellet kl. 11.00**  
Gudsteneste med dåp v/sokneprest Eli Vatn.

**04 11 2018**

**Hegge kyrkje kl. 19.30.**  
Helgemesse v/sokneprest Eli Vatn.  
Takkoffer Kirkens SOS

**18 11 2018**

**Volbu kyrkje 19.30.** Høgmesse v/vikar.

**25 11 2018**

**Rogne kyrkje kl. 11.00.**  
Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn.  
Lysvaken Rogne og Volbu.  
Takkoffer Kyrkjestogo.

## Desember

**02 12 2018**

**Hegge kyrkje kl. 11.00.**  
Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn.  
Lysvaken Lidar og Hegge. Takkoffer Barne og ungdomsarbeidet i soknet.

**16 12 2018**

**Lidar kyrkje kl. 19.30.**  
Vi syng jula inn v/sokneprest Eli Vatn.

**20 12 2018**

**Lyskapellet kl. 17.30.**  
Den gylne timen v/sokneprest Eli Vatn.

## Desember forts.

**24 12 2018**

**Lidar kyrkje kl. 13.00.**  
Juleaftansgudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

**24 12 2018**

**Rogne kyrkje kl. 14.30.**  
Juleaftansgudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.  
Takkoffer Rådet for psykisk helse.

**24 12 2018**

**Hegge kyrkje kl. 16.00.**  
Juleaftansgudsteneste sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Redd Barna.

**25 12 2018**

**Hegge kyrkje kl. 12.00.**  
Høgmesse v/prost Carl Philip Weisser.  
Takkoffer Kirkens SOS

**25 12 2018**

**Øystre Slidre Sjukeheim kl. 16.30**  
Julegudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

**25 12 2018**

**Volbu kyrkje kl. 19.30.**  
Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn.

**27 12 2018**

**Lyskapellet kl. 17.30**  
Den gylne timen v/sokneprest Eli Vatn.

**31 12 2018**

**Volbu kyrkje kl. 15.00**  
Nyttårskonsert.

## Den gylne time

**Kvar torsdag kl. 17.30**  
er `Den gylne time` i Lyskapellet.  
Hjarteleg velkomne.

## Pusterom

**15. oktober og 19. november**  
Åpen kyrkje fra kl. 18.00.  
Felles meditasjonstund fra kl. 18.30.

## Babysong

**ROGNE KYRKJESTOGO KL. 11.00.**  
**16. oktober, 6. november, 27. november og 11. desember.**  
Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og vaffelservering.

## Kyrkjeskys

<b>LIDAR:</b>	
Mette Lein	996 90 632
<b>HEGGE:</b>	
Hildegunn Dale	975 82 610
Synnøve Rødningen	992 37 680
<b>VOLBU:</b>	
Liv Heitun Eriksen	926 37 556
<b>ROGNE:</b>	
Gustav Fystro	910 04 468

